



Trolleskjæret AS

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5557 2335

## Løyve etter forureiningslova - utfylling i sjø Gunhildvågen gnr/bnr 28/1028 i Florø for Trolleskjæret AS

Statsforvaltaren i Vestland gir Trolleskjæret AS løyve til utfylling av ca. 149 300 m<sup>3</sup> massar for utviding av industriområdet ved gnr/bnr 28/1028 i Kinn kommune.

Utfyllinga skal skje innanfor tidsperioden 15. juni til 31. desember. Tiltaket skal overvakast med turbiditetsmålar.

**Løyvet er gjeve med heimel i forureiningslova § 11 – jamfør forureiningsforskrifta § 22-6.**

Vi viser til søknad datert 1. juli 2024

### Vedtak om løyve

Statsforvaltaren gjev løyve til utfylling av steinmassar i sjø frå lekter og frå land utanfor gnr./bnr. 28/1028 i Kinn kommune. Løyvet er heimla i forureiningslova § 11 – jamfør forureiningsforskrifta § 22-6. Løyvet er gjeve på spesifikke vilkår som er lista opp i eige vedlegg. Statsforvaltaren har i avgjerda lagt vekt på dei forureiningsmessige ulemper ved tiltaket jamført med dei fordelar og ulemper som tiltaket dessutan vil medføre. Statsforvaltaren har regulert dei forholda som er vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova, med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda, viser vi til heimesida til Miljødirektoratet [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no).

Løyvets vilkår følger vedlagt dette brevet.

### Vedtak om gebyr for sakshandsaming

Statsforvaltaren tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. På bakgrunn av Statsforvaltarens ressursbruk i saka, tek vi gebyr etter sats 6, 44 300 kroner, for handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-3 og 39-4. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå



forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret. Vi varsla gebyr sats 6 med kroner 38 900 i vårt brev datert 3. juli 2024. Miljødirektoratet har auka gebyrsatsane med verknad frå 1. juli 2024 med 14 % for arbeid med løyver, derfor vert gebyret for sats 6, 44 300 kroner.

## Om søknaden

Trolleskjæret AS skal utvide industriområdet sitt i Kinn kommune basert på utfylling i sjø. Det utvida arealet trengs fordi det er behov for nye sjønære næringsareal og attraktive hamnefasilitetar for å ta høgde for framtidig vekst og langsiktige satsingar innan næringar i regionen.

Det skal fyllast ut ca. 149 300 m<sup>3</sup> stein over eit sjøbotnareal på ca. 17 600 m<sup>2</sup>. Utfylling i 2024 skal skje frå sjø med lekter. Det skal i første omgang nyttast sprengstein frå Kystverkets pågåande utdjuingsprosjekt i innseglinga til Florø.

For vidare utfylling vil ein skaffe massar frå utbygging via offentlege prosjekter med overskotsmassar. Ein vil prioritere reine massar som kan transporterast sjøvegen. Det vil bli ei stegvis utbygging.


Det er utført miljøgeologisk<sup>1</sup> og geotekniske undersøkingar av sjøbotnsedimenta utanfor Trolleskjæret, der utfyllinga skal skje. Desse viser lausmassemektigheit som varierer mellom null og 3,8 meter i borepunkta. Lausmassane består generelt av antatt skjelsand over fjell. I eitt borepunkt ved Trolleskjæret er det registrert massar med varierende innhald av antatt stein, grus og sand. Desse massane blir antatt å vere fyllmassar frå utfylling som blei utført ved Trolleskjæret tidlegare. I nokre av borepunkta er det rett på fjell.

Med bakgrunn i tilgjengeleg informasjon om grunnforhold og topografi, blir det vurdert at utfylling kan gjennomførast utan særskilte tiltak med tanke på områdestabilitet.

Miljøgeologisk vart det påvist forureining av tungmetalla kopar og sink samt nokre PAH<sub>16</sub> komponentar i ein stasjon som ligg ca. 50 meter aust for planlagd fylling og ikkje påvist forureining i ein stasjon som ligg 40 – 50 meter nord/vest for planlagd fylling.

---


<sup>1</sup> Måsholmen og Trolleskjæret Florø Miljøgeologiske grunnundersøkingar Multiconsult 22. juni 2023



Figur 1 Figuren øvst viser planlagt utfylling no. Figuren nedst viser opprinneleg omsøkt fylling, som blei redusert etter krav frå Kinn kommune fordi fyllinga gjekk utanfor grenser for industriområdet sett i kommunedelplan<sup>2</sup> for området. (iVest Consult)

I tiltaksområdet er det registrert naturtype "større tangførekost" og gytefelt for kysttorsk, jf. figur 2.

<sup>2</sup> Kommunedelplan for Florelandet Brandsøy, datert 16.06.2022



Figur 2 Naturtypen "Større tangførekomst" er omtala som tareskog med kun stortare, kategorisert med verdi A (svært viktig), som følgje av at førekomsten er større enn 500 000 m<sup>2</sup>. Naturtypen er kartlagt ved hjelp av datamodelleringar, og det vil difor vere usikkerheit i høve den faktiske utbreiinga av tareførekomsten. Botnafjorden gytefelt kysttorsk, verdi B (regionalt viktig)

Forslag til avbøtande tiltak er

- Sjøbotn skal tildekkast med reine massar (sand) ved bruk av lekter før utfylling av steinmassar startar.
- Det skal utførast on-line målingar av turbiditet med alarmgrense for stans i arbeida dersom akseptnivå for partikkelspreiing vert overskriden under utfylling av sprengstein.
- Utfylling skal ikkje skje i gyteperioden for kysttorsk som er 1. februar til og med 30. april.

## Høyring

Søknaden vert sendt på høyring til Kinn kommune, Fiskeridirektoratet, Mattilsynet, og Sør-Norges Fiskarlag. Frist for å gje eventuelle merknadar var 14. mai 2024.

### Kinn kommune (11. juli 2024)

Attgjeving av uttale:

"Kinn kommune har i prosess forslag til Privat detaljreguleringsplan for Gunhildvågen, gbnr. 27/27 mfl., industri og veg, PlanID 20220108. Forslag til detaljregulering vart med nokre endringar godkjent utlagt til offentleg ettersyn i Plan- og miljøutvalet 8. mai 2024, sak 032/24. Oppdatert planforslag vart lagt på høyring den 6. juni 2024 med høyringsfrist 6. september 2024.

Planforslaget opnar for fylling i sjø innanfor planområdet, og det er knytt vilkår til slik utfylling i føresegnene pkt. 2.1.7. For areal regulert til industriføremål, er formålsgrænse vist i kote 0 (NN2000), jf. Føresegn pkt. 3.1.2 d).

Situasjonskart til omsøkt utfylling viser fyllingsfot utanfor planområdet i vest mot Trolleskjersundet. I samband med søknad om løyve/dispensasjon etter pbl, har kommunen bede søkjar om å justere søknad, slik at alt fyllingsareal, inkludert fyllingsfot ligg innanfor planområdet for planID 20220108.



Kommunen mottok revidert situasjonskart til dispensasjonssøknaden den 5. juli 2024, der fyllingsvolum er redusert til 149 304 m<sup>3</sup> med fotavtrykk på 17 610 m<sup>2</sup>.

Ytre plangrense er ikkje vist på den reviderte situasjonsplanen, men kommunen føreset at heile tiltaket etter reviderte teikninga, vil halde seg innanfor planområdet for planID 20200108, og at fyllingsfot held seg innanfor fastsette byggegrensar for fyllingsfot. Slik vi les situasjonsplanen, vil fylling utførast slik at nytt industriareal på land ligg innanfor krav til kotehøgde i formålsgrænse.

Med ovannemnde avgrensingar i fyllingsareal, og på vilkår av at krav i forslag til i føresegnene pkt. 2.1.7 og pkt. 3.1.2 d) vert følgt, har Kinn kommune ikkje merknader til søknad om utfylling i sjø ved gbnr. 28/1028, Trolleskjeret."

#### **Fiskeridirektoratet ( 12. juli 2024)**

Attgjeving av uttale:

"Det pågår planarbeid. I planforslag til regulering av området er det satt følgende bestemmelser:

«g) Det er ikkje tillate med utfylling i sjø i gytetida for kysttorsk, dvs. i tidsrommet 1. februar til og med 30. april.

h) Det skal settast i verk avbøtande tiltak som hindrar mot spreining av finpartikler i vassmassen gjennom periode for bunnslåing og tidleg oppvekst, dvs. i tidsrommet frå og med 1. mai til og med 15. juni. Plan for og vurdering av eigna avbøtande tiltak, skal utførast av fagkunnige.»

Dersom det ikke er mulig å etablere fungerende avbøtende tiltak i perioden 1. mai til og med 15. juni, som nevnt i punkt h). Bør forbud mot utfylling være hovedregel også i perioden fram til 15. juni.

Med forbud mot utfylling i perioden 1. februar til og med 15. juni som hovedregel mener vi bestemmelsene sikrer mot vesentlig negativ påvirkning på økologiske funksjonsområder for kysttorsk i området."

#### **Bergens sjøfartsmuseum (9. august 2024)**

Museet kjenn ikkje til kulturminne ved gnr/bnr 28.1028 i Kinn kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området.

#### **Kystverket (17. juli 2024)**

Kystverkets uttale omhandlar ikkje søknad om løyve etter forureiningslova spesifikt. Kystverket avklarar at det er Kinn kommune som er styresmakt etter hamne- og farvannslova for denne utfyllinga, sidan utfyllinga ikkje ligg i ei hovud- eller bilei, der Kystverket er styresmakt.

#### **Statsforvaltarens grunngjeving for løyvet**

##### **Forureiningslova**

Utfylling i sjø frå lekter krev løyve etter forureiningsforskrifta § 22-6. Dette tiltaket vil også krevje løyve etter forureiningslova § 11 dersom utfylling skjer frå land på grunn av størrelsen på utfyllinga. Statsforvaltaren er forureiningsstyresmakt for anleggsarbeid i sjø. Vi legg til grunn anbefalingar i Miljødirektoratets rettleiar M-350/2015 «Handtering av sedimentar» for vår avgjerd. Prinsippa i



naturmangfaldlova §§ 8 til 12 og krav i vassforskrifta er lagt til grunn som retningslinjer ved skjønnsutøvinga etter forureiningsforskrifta.

### Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i naturmangfaldslova §§ 4 og 5 ligg til grunn for Statsforvaltarens myndigheitsutøving. Videre skal prinsippa i §§ 8 til 12 om blant anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggast til grunn som retningslinjer når Statsforvaltaren treffer avgjerder som rører ved naturmangfald.

### Vassforskrifta

Søknader om løyve til tiltak i sjø og vassdrag skal også vurderast etter vassforskrifta. Vassforskrifta innehelder forpliktande miljømål om at myndigheitene skal sørge for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10.

### Avgrensing mot plan- og bygningslova

Statsforvaltaren kan ikkje gje løyve etter forureiningsloverket dersom dette er i strid med endelege planer etter plan- og bygningslova. Kinn kommune skriv i sin uttale at dei ikkje har merknad til søknad om løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø så lenge arbeida vert utført i samsvar med forslag til reguleringsføresegner 2.1.7 og pkt. 3.1.2 d, i detaljreguleringsplanen som er i prosess. Det vart 12. august 2024 gjeve dispensasjon og rammeløyve for tiltaket<sup>3</sup>.

## Vår vurdering av søknaden

### *Generelt*

Statsforvaltaren vurderer at søknaden med tilhøyrande dokumentasjon er i samsvar med forureiningsforskrifta § 36-2 sine krav til innhald i søknader om løyve etter forureiningsforskrifta.

Søkjer har i samband med detaljreguleringsplan og denne søknaden utført risikovurdering for tiltaket basert på mogleg forureining og negativ påverknad på resipienter med omsyn til marint mangfald og fiskeriinteresser. Ut frå dette er det foreslått avbøtende tiltak for gjennomføring av anleggsarbeida. Dei fleste av desse avbøtande tiltaka er teken med som vilkår i løyvet slik dei er omsøkt, med nokre endringar, beskriven under.

### *Nyttiggjering av Kystverkets sprengsteinsmassar*

Overskotsmassar frå anleggsarbeid, inkludert mudra sprengsteinsmassar frå sjø, vert rekna som næringsavfall, jf. forureiningslova § 27a andre ledd. Det følgjer av forureiningslova § 32 at næringsavfall skal bringes til lovleg avfallsanlegg, med mindre sprengsteinsmassane "gjennomgår gjenvinning" der bruk av massane kjem til nytte ved å erstatte materialar som elles ville blitt brukt, slik at forbruket av naturressursar vert redusert.

Massar som er dokumentert å tilfredsstillast tilstandsklasse I-II, jf. M-608/2016 kan nyttiggjerast på denne måten. Ein føresetnad for slik bruk er bl.a. at massane har eigenskapar so gjer dei eigna til føremålet. I denne saka er føremålet med utfylling av steinmassar frå Kystverkets prosjekt å nytte steinen til opparbeiding av område avsett til industriområde/kai i gjeldande kommunedelplan.

---

<sup>3</sup> Vedtak - Gbnr 28/1028 - Trolleskjæret - mellombels dispensasjon og rammeløyve- Utfylling i sjø - 12. august 2024 – Kinn kommune, plan- og miljøutvalet





Statsforvaltaren ser på bruk av dei mudra massane frå utdjupinga til utfylling som ein nyttiggjering av massane, då dei erstattar materialar til utfylling som elles ville vorte nytta.

Massane som skal nyttast til utfylling i denne saka er å anse som reine, då løyve til Kystverket<sup>4</sup> stiller vilkår til disponering av massar, der forureina mudra massar skal leverast til lovleg avfallsanlegg, og bruk reine muddermassar til utfyllingsformål krev løyve frå Statsforvaltaren.

#### *Fare for forureining og negativ påverknad*

Utfylling i sjø vil kunne medføre spreining av partiklar som kan ha negative effektar på naturverdiar. Det kan blakke vatnet og nedslamme omkringliggande sjøareal, og partiklar i for høge konsentrasjonar kan ha negative effektar på fisk, skaldyr, og marint naturmiljø. Utfyllingsområdet ligg ovanfor eit område som allereie er utfylt. Det er registrert større tareskogførekomster nær tiltaksområdet. Området rundt er registrert som eit regionalt viktig gytefelt for torsk (jf. figur 2.)

#### *Tidsavgrensing*

Fiskeridirektoratet skriv i sin uttale: "Dersom det ikke er mulig å etablere fungerende avbøtende tiltak i perioden 1. mai til og med 15. juni....bør forbud mot utfylling være hovedregel også i perioden fram til 15. juni." Vi tek dette inn som eit vilkår i løyvet. Dette samsvarer i stor grad med løyvet til Kystverket, der spreining av undervasskjær berre skal skje innanfor perioden 1. juni til 31. desember. Det vil difor uansett ikkje vere massar frå Kystverket utanfor denne tidsperioden.

#### *Tildekking eksisterande sjøbotn før utfylling*

Statsforvaltaren meiner at risikoen for spreining av forureina finstoff frå eksisterande sjøbotn ved utfylling er akseptabel når sjøbotn vert tildekkja med reine massar før utfylling med steinmassar startar opp, slik det er søkt om.

#### *Gjennomføring av utfylling*

Massane som vert nytta til utfylling inneheld ikkje mykje små partiklar og støv. Massane blir "vaska" når dei blir mudra opp gjennom vassøyla, slik at det er tilnærma "rein" stein utan mykje partiklar. Statsforvaltaren meiner at faren for spreining av partiklar er låg slik at faren for nedslamming av nærliggande tareskog er liten.

Siltgardin rundt tiltaksområdet er upraktisk då den vil vere til hinder for lekter som skal frakte massane til utfyllingsområdet. Spreining av finstoff skal overvakast med turbiditetsmålarar som skal stå maks 150 meter frå utfyllingsområdet. Antal målarar og plassering skal beskrivast plan for kontroll- og overvaking. Partikkelkonsentrasjonen utanfor tiltaksområdet skal ikkje vere høgare enn bakgrunnsverdi + 15 NTU/FNU i ein periode på meir enn 30 minutt. Ved oppnådd alarmgrense skal arbeidet stogge, og dersom overskriding skyldast tiltaket, skal det utførast avbøtande tiltak.

Vi set vilkår om at Trolleskjæret AS skal utarbeide ein plan for kontroll- og overvaking av tiltaka i samsvar med vilkår i dette løyvet. Det skal ikkje bli spreidd plastforureining som følgje av tiltaka. Rutinar for overvaking av eventuell plastforureining skal inngå i ein kontroll- og overvaksingsplan.

Sjølv om stein vert levert av Kystverkets entreprenør så er Trolleskjæret AS ansvarleg for utfyllinga innafør tiltaksområdet, ansvarleg for at vilkåra i løyvet blir stetta og at faren for forureina blir minimert.

---

<sup>4</sup> Tillatelse etter forurensningsloven til mudring i innseilingen til Florø i Kinn kommune for Kystverket, sist endret 24. juni 2024. Løyvenummer: 2022.0790.T



## Vurderingar etter naturmangfaldlova og vassforskrifta

I samband med utarbeiding av søknad om løyve etter forureiningslova er det henta inn informasjon om moglege forureiningskjelder i området og det er henta inn informasjon om viktige natur- og fiskeriinteresser i området frå databasar via Kystinfo.no.

Krav til kunnskapsgrunnlaget er etter vår vurdering oppfylt, jf. naturmangfaldlova § 8. Sidan vi vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilfredsstillande, vil ikkje føre-var-prinsippet (NML § 9) kome til anvending.

Vi har teke omsyn til økosystemet og den samla belastninga (NML § 10) gjennom vurderingar som ligg til grunn for krava som er sett i vilkåra i løyvet. NML § 11 påpeiker at det er tiltakshavar som skal bære kostnadene til avbøtande tiltak. Dersom det er naudsynt med driftsstans på anlegget for å unngå uakseptabel grad av forureining som følgje av anleggsverksemda, vil denne meirkostnaden også reknast som i samsvar med NML § 11. Vi krev også at det skal nyttast dei beste moglege tekniske løysingane som ut frå ei kost/nytte-vurdering gjev best mogleg resultat for miljøet, jf. NML § 12. Elles viser vi til våre vurderingar og grunngjevingar ovanfor.

Miljømålet i vassforskrifta er at alle vassførekomstar skal oppnå minst god økologisk og kjemisk tilstand. Ein forverring av ein vassførekomst kan ikkje tillatast dem mindre det er moglegheit til å gje unntak, jf. vassforskrifta § 12.

I denne saken legger Statsforvaltaren til grunn at tiltaket vil gje ein midlertidig påverknad og at tilstanden i resipientane vil bli gjenoppretta når arbeidet stansar. Vi ser det derfor ikkje som sannsynleg at tiltaket vil kunne føre til at miljømåla ikkje vert nådde, eller at tilstanden til vassførekomsten blir forverra. Krava i vassforskrifta er difor ikkje til hinder for å gje løyve etter forureiningslova.

## Endring om omgjering

Vi vil påpeike at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette grensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt som mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje er satt grenser for gjennom særskilte vilkår.

Verksemda er pliktig til å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningsforholda endrar seg, kan Statsforvaltaren med heimel i forureiningslova § 18 endre vilkåra i løyvet og setje nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake. Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein endringssøknad må difor sendast i god tid før ei eventuell endring kan gjennomførast.

At vi har gitt løyve til forureining fritar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56. I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda viser vi til heimesida til Miljødirektoratet, [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no). Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter er òg straffbart.





## Rett til å klage

Partane involvert i saka og andre med særleg interesse kan klage innan tre veker frå verksemda har mottatt dette brevet, jf. forvaltningslova § 28. I ein eventuell klage skal det gå klart fram kva klagen gjeld, og kva endringar ein ønskjer. Klagen bør vere grunnngjeven og skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland. Klageinstans er Miljødirektoratet.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding, eller på eige initiativ, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjord. Ei slik avgjerd kan det ikkje klagast på.

De kan også klage på vedtaket om gebyrsats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ein eventuell klage skal vere grunnngitt, og han må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan tre veker. Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må difor betale det fastsette gebyret. Dersom Miljødirektoratet godtar klagen, vil overskotsbeløpet verte refundert.

Med helsing

Sissel Storebø  
seksjonsleiar

Magne Nesse  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg: Løyvets vilkår

Kopi til:

iVest Consult AS

Fiskeridirektoratet

Mattilsynet

Kinn kommune

Bergens Sjøfartsmuseum

Sør-Norges Fiskarlag

Postboks 185 Sentrum

Postboks 383

postboks 294

5804

2381

6701

BERGEN

BRUMUNDDAL

MÅLØY